

Leiar

Det heiter ikkje EG, men ME

Halldis Moren Vesaas' dikt "Tung tids tale" startar slik:

"Det heiter ikkje: EG no lenger.
Heretter heiter det: VI."

Diktet handlar om noko langt større enn kommunesamanslåing, men innleiinga kan brukast som eit godt eksempel på korleis ein må byrje å tenkje dersom det blir slik at innbyggjarane i Midt-Telemark endar opp med å stemme for nye kommunegrensar. Blir det slik at folkeavstemminga i Nome og Bø og opinionsundersøkinga i Sauherad fører til at det blir ein større kommune i vår region, er me nøydd til å tenkje større og rausare enn det me gjer i dag.

Til nå har arbeidet fram mot intensjonsavtala mellom dei tre kommunane og andre diskusjonar vore prega av at innbyggjarane sit på kvar sin stubbe og forsvarar og vernar om eige område slik dei er i dag. Det har vore fordeling av kommunale avdelingar og arbeidsplassar, og ein snakkar om kven som får og mistar kva, og om kor kommunehuset skal liggje.

Sjølv om det nødvendigvis må forhandlingar til ved ei eventuell samanslåing av dei tre kommunane i forkant, er det viktig at ein allerede på eit tidleg tidspunkt byrjar å spreie samholdstanken. For at samanslåinga skal bli vellukka og ikkje i årevis bli prega av bitterheit og strid, må me byrje å tenkje fellesskap og respekt. Skal tre kommunar bli til ein, må ein tenkje som ein. Da snakkar ein ikkje lenger om til dømes arbeidsplassar i Bø, Sauherad eller Nome, ein snakkar om arbeidsplassar i den nye kommunen. Ein må byggje felles. For å byggje felles og utvikle det som skal bli ein sterk kommune med sterkare fagmiljø, må ein ikkje sjå seg blind på kor folk bur og arbeider – alle er jo samla i ein felles kommune!

Fellesskapet skal verne, byggje opp og utvikle det særeigne i kvart einskilde lokalmiljø i kommunen, og spele på felles krefter – saman blir me sterke, gode og konkurransedyktige. Det må vere fokuset framover dersom det blir samanslåing.

Sterke fagmiljø kan vere med på å gjere heile kommunen god. Derfor kan ein like gjerne som å splitte og dele opp kommuneadministrasjonen, samle heile gjengen på ein stad. Gjerne geografisk midt i den nye kommunen slik at alle har omtrent like lang veg til jobb. Kva med eit splitter nytt kommunehus med plass til alle i administrasjonen i Gvarv-området, der det er utviklande å jobbe og ein lett kan hente gode innspel frå andre? Eller ein annan passende plass.

Det er dit me må kome om me skal få det til i ein samanslått kommune – det nyttar ikkje å tenkje EG lenger da, ein må tenkje ME.

Hilde Eika Nesje

Hilde Eika Nesje
Ansvarleg redaktør

Nye eigarar i B

Jan Lepperød trappar ned etter 40 år og sel seg ut av Bø Regnskapskontor. Inn kjem advokat Arne Gavle og eit par revisorar, og kontoret utvidar tilbodet.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tf 976 88 692

– Det er mest moro at me kan oppretthalde lokalt eigarskap i staden for at det er store kjedar som tek over, seier Lepperød.

Han etablerte Bø Regnskapskontor i 1975, tre år etter at han kom flyttande til bygda frå Larvik. Etter å ha vege for og imot har han kome til at det er på tide å trekke seg ut.

Men Lepperød har ikkje tenkt å pensjonere seg heilt, han vil behalde eit kontor og halde fram med å jobbe deltid, det blir føring av rekneskap for spesielle kundar og konsulentarbeid. Dessutan eig han framleis Sandåkergården, bygget rekneskapskontoret og Akademika held til i, saman med Herman Meyer.

– Det ligg ikkje føre planar om utviding i dag, men eg ser at det er trøngt. Me må kanskje vurdere å utvide, seier Lepperød.

Rekneskapskontoret har rundt 150 kundar, stort sett forretningskundar. Det er 10 tilsette i 9,5 årsverk. Ifølgje Brønnøysundregistra var omsetninga i 2014 på 7,6 millionar kroner og årsresultatet på vel 300.000 kroner.

Advokat og revisor

Arne Gavle har hatt kontor i Sandåkergården i eit par år. I tillegg til å vere advokat har han vore økonomidirektør i Bandak.

No kjøper Gavle og kona, revisor Anja Tveiten, halvparten av aksjane. Nokre av dei tilsette ved rekneskapskontoret sel seg

noko ned, blant dei dagleg leiar Knut Eilevstjønn. Revisor Åse Grimholt har jobba saman med Anja Tveitan hjå Ernst & Young. No skifter også Grimholt arbeidsplass og blir dessutan med på eigarsida. Dei to revisorane skal over til å føre rekneskap, men har med seg revisorkunnskapen.

Nye kundegrupper

– Eg trur det kjem børsnoterte selskap og andre større selskap som vel å setje bort rekneskapen, den tekniske sida gjer det mogleg, seier Gavle.

– Eventuelt kan eit firma setje vekk lønsdelen eller kassa. Me køyrer løn for kommunen og bankar, seier Eilevstjønn.

Dei to peikar på at lønningar er samansett og på kontoret har dei folk som driv med berre det og derfor kan fagfeltet godt.

Juridisk hjelp

Som advokat gir Gavle primært forretningsjuridisk hjelp. Han er også diskusjonspartner når det gjeld utvikling av selskap, transaksjonar og kjøp og sal.

– Den juridiske delen har me sakna, me har følt at me har strekt oss litt langt av og til, seier Eilevstjønn.

Ved at ein no får inn både revisorkompetanse og juridisk kompetanse meiner Gavle og Eilevstjønn at dei styrkjer kontoret. No kan det også tilby analyse av drifta til dei kundane som ønskjer det.

– Me ønskjer å vere eit kompetansehus innan merkantile tenester, seier Gavle.

Han viser til at dei også har eit revisjonsfirma i bygget.

– Det er ikkje noko plikt, men eit tilbod, seier Eilevstjønn.

– Skal de utvide bygget.?

– Me skal ha fleire folk inn før eller sidan. Det er alltid ein plan, seier Gavle smilande.



Bøblad

31. årgang. Skipa 1986.

Godkjent opplag i 2014: 2622
Medlem i Landslaget for lokalaviser (LLA)

Adresse:

Postboks 104, 3833 Bø i Telemark
Besøksadresse: Bøgata 69
Tlf. 35 95 19 45
Faks: 35 95 40 28

Opningstider: Kl 9-15.

www.boblad.no
pdf versjon: buyandread.com



Redaktør/dagleg leiar:
Hilde Eika Nesje
947 89 450
redaksjon@boblad.no



Journalist:
Øystein Akselberg
906 38 453
oystein@boblad.no



Journalist:
Marta Kjøllesdal
976 88 692
marta@boblad.no



Journalist:
Gro B. Røiland
930 22 398
gro@boblad.no



Salsansvarleg:
Rune Digranes Bøen
950 85 949
marked@boblad.no



Grafikar/annonse:
Dag Einar Hvitsand
911 52 320
grafisk@boblad.no



Avismedarbeidar:
Synnøve Sudbø Kleppe
35 95 19 45
annonse@boblad.no

Frilansarar:
Glenn Isaksen
Jon Bjones
Eline Nesje

Avfotografering eller gjenbruk av stoff, bilete og annonsar utan avtale er ikkje tillatt. Innsendt stoff blir til vanleg ikkje honorert med mindre anna er avtalt. Bø blad forbeheld seg retten til å publisere innsendt stoff også i vår nettutgåve.

Abonnementsprisar:

Halvår kr 580,- heilår kr 920,-
Studentab. kr 580,-
Tillegg utlandet.
Bestill på sms: 406 24 528
eller epost: abonnement@boblad.no

Annonsefrist:

Måndag kl. 14
Større annonsar:
Fredag kl. 10.00 veka før innrykk.
Utgjeve av Bø blad AS
Org nr.: 842 831 032

Bankgiro: 2630 05 04360
Trykk: Nr1 Trykk AS, Larvik

PFU Bø blad arbeider etter «Vær Varsom-plakaten» sine reglar for god presseskikk. Om nokon kjenner seg råka av urettvis presseomtale, oppmodar me om at ein først tek kontakt med redaktøren. Ein kan også ta kontakt med Pressens Faglige Utval, (PFU), som er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. PFU handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål.

Adresse: Rådhusgata 17,
Postboks 46 - Sentrum, 0101 Oslo.
E-post: pfu@presse.no
Tlf: 22 40 50 40 - Faks: 22 40 50 55